



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 16.12.2015

Vår ref.: 2015/3158

Arkivnr.: 512.1

Innovasjon Norge Rogaland  
postboks 8034  
4068 STAVANGER

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Kriteriedokument for tilskot til bygging av gjødsellager

Fylkesmannen i Rogaland viser til brev om strategisk bruk av dei bedriftsretta landbruksmidlane for 2016 datert 14.10.2015. Her følgjer kriterium for tilskot til gjødsellager jamfør pkt. 7.

Partnerskapen har valt å sette av om lag 2 millionar til bygging av gjødsellager. God lagerkapasitet er eit viktig tiltak for å sikre god bruk av husdyrgjødsel, med mindre næringsavrenning til sårbare vassdrag som resultat. Prioriteringane av vassdrag er gjort ut i frå regional plan for vannforvaltning i Rogaland. Det skal setjast søknadsfrist for tilskot til bygging av gjødsellager. Frist for 2016 er 1. mai. Søknaden skal sendast via Innovasjon Norge sin elektroniske søkeportal.

Det kan bli gitt støtte til inntil 30 % av kostnadsgrunnlaget med eit maksimalt tilskotstak på kr 150 000.

Det er eit krav at kommunen skal godkjenne plassering av bygg etter plan- og bygningslova § 29-4. Etter forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 20 skal kommunen godkjenne plan for nybygg, utvidingar eller utbetring av lager for husdyrgjødsel. Lageret skal ikkje bli tatt i bruk før det er kontrollert og godkjend av kommunen. Kommunen si godkjenning av plan for lageret skal leggjast ved søknaden om tilskot. I berekning av lagerkapasitet er det viktig at det blir nytta nye normtal for utskilt mengd gjødsel frå aktuelle dyreslag og tilført vaskevavn.

Tre punkt i føringane for bruk av investeringsmidlar omhandlar gjødsellager.

### ***A. Generelt krav om 10 månaders lagerkapasitet.***

Dei som får investeringstilskot for bygging eller utviding av fjøs får krav om at driftseininga må ha 10 månaders lagerkapasitet for den produksjonen tilskotet er løyvt til.

#### **Døme:**

Eit føretak som har gris og mjølkeproduksjon får tilskot til bygging av nytt mjølkefjøs. Føretaket får då krav om totalt 10 månaders lagerkapasitet for husdyrgjødsel frå storfeproduksjonen på garden.

## ***B. Tilskot til bygging av satelittlager for husdyrgjødsel.***

Eit satelittlager for husdyrgjødsel er her definert som eit gjødsellager som kjem i tillegg til føretaket sitt hovudlager knytt til driftssenteret. Målsetnaden med tilskotet er å stimulere til rett fordeling av husdyrgjødsel på bruk med spreieareal relativt langt frå driftssenteret. Lageret skal vere plassert nær spreieareal. Storleiken på lageret skal vere tilpassa spreiearealgrunnlaget. Lageret skal vere plassert slik at det avhjelper driftsmessige ulemper med stor avstand mellom driftssenter og jordbruksareal. I val av plassering skal omsyn til dyrka jord, landskap og arrondering vektleggast.

Føretaket må etter ferdig utbygging ha kapasitet til lagring av gjødsel frå heile husdyrproduksjonen i driftseininga i 12 månadar. Tilskotet blir berre gitt til føretak som har jordbruksareal i nedslagsfeltet til følgjande vassdrag:

### **Vannområde Jæren:**

Håelva

Kvassheimsåna

Figgjovassdraget

Orrevassdraget

Hålandsvatnet

Storåna- og Stangelandsåna

Nordre Varhaugselv og Søndre Varhaugselv

Deler av Ims- Lutsivassdraget; Dypingen, Lutsivatnet, Kyllsvatnet, og Grunningen

Hafrsfjord m/bekkefelt

### **Vannområde Haugalandet:**

Vatssvassdraget og Åmselva

Vikedalsvassdraget

## ***C. Tilskot til bygging av gjødselager for føretak med miljøavtale i Regionalt miljøprogram***

Føretak som har jordbruksareal i nedslagsfeltet til utvalde vassdrag kan teikne miljøavtale. Miljøavtalen gir rett til regionalt miljøtilskot fastsett i Regionalt miljøprogram. Tilskotet til bygging av gjødsellager bygger på eksisterande ordning.

Føretaket må etter ferdig utbygging ha 12 månaders lagerkapasitet ut i frå dagens produksjonsvolum. Føretaket forpliktar seg til å ha 12 månaders lagerkapasitet 10 år fram i tid. Skal produksjonen utvidast på eit seinare tidspunkt må det skaffast tilsvarande lagerkapasitet for å tilfredstille kravet om 12 månaders kapasitet.

Det kan i 2016 teiknast miljøavtale i nedslagsfeltet til følgjande vassdrag:

- Hålandsvatnet i Randaberg kommune og Stavanger kommune (trinn 2, 2016-2018)
- Timebekken i Time kommune (trinn 2, 2016-2018)
- Nordre og Søndre Varhaugsåna i Hå kommune (trinn 2, 2016 -2018)
- Tverråna i Time kommune og Hå kommune (trinn1, 2015-2017)
- Vatsvatnet og Landavatnet i Vindafjord kommune (trinn 2, 2015 -2017)
- Salteåna i Klepp kommune, Time kommune og Hå kommune (trinn 1, 2016-2018)
- Stangelandsåna og Storåna i Sandnes kommune (trinn 1, 2016-2018)
- Utvalde bekkefelt i Finnøy kommune (trinn 1, 2016 -2018)

***Dette skal følge med søknaden om tilskot:***

- Oversikt over eksisterende lagerkapasitet for husdyrgjødsel
- Beregning av behov for lagerkapasitet basert på mengde produsert gjødsel, tilføring av vaskevann, regnvann (ved åpen kum)
- Tilbud/kalkyle over investeringa
- Kart som viser plassering av gjødsellager i forhold til spreieareal for husdyrgjødsel
- Kommunen sin godkjenning etter plan og bygningslova og etter forskrift om organisk gjødsel
- Tillegg for C: Inngått miljøavtale

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Geir Skadberg  
ass. Landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Monica Dahlmo  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 66  
E-post: fmromda@fylkesmannen.no